

## Det nærmar seg!

Vi har sommarfuglar i magen - for no er det berre dagar att. Det er så stas med forestilling! Vi gler oss til å sjå alle syne fram det de har øvd på i haust. Vi er imponert over innsatsen og energien til dansarane våre.

Alle får sjå generalprøven frå salen på laurdag og vi sørger for at elevane stiller seg klar bak scena til riktig tid. Dei sitt saman med gruppa si etter merking på setene. Rekkefølga heng på veggen og er vedlagt i e-posten. Hugs å ta godt vare på kostyme. Ta med sunn mat og drikke. Godteri og brus blir heime. (nissegodteri i pausen er lov.)

Mellom forestillingene er det julegrantenning, bli gjerne med på det, men pass tida. Siste oppmøte inne til framsyninga 17.30 er 17.00. Mellom fyrste og andre forestilling er ungane dei føresette sitt ansvar.

Viktig: Når du kjem på kulturhuset laurdag og søndag sett du utetøy og særleg sko i speil garderoben (inngangen til BUA) eller inne på Sprang. Vi skal mykje fram og tilbake i gangane og det må være tørt så ingen sklir. Heile foajeen blir skofri. Det er minimalt med plass på opphaldsrom, så det er fint at dei varme kleda heng der.

Barnedans har sin fyrste forestilling og dei treng ein vaksen som dei kjenner bak scena. (Barnedans dansar berre kl. 14.30).

Obs: Ingen av dansarane skal sitte ute i salen med publikum. Forestillinga får elevane kun sjå på generalprøven.

Det viktigaste for oss er at ungane har det fint saman i helga. Vi ber dei ta vare på kvarandre og ta omsyn. Nokon har mange skift og har det travelt, nokre blir veldig nervøse og nokre lagar masse lyd. Her blir det sampel av kjensler på høgt nivå! 😊 Ta gjerne ein prat heime om korleis eleven sjølv kan bidra til ei godt og trygt miljø for alle.

**Vedlagt finn du vaktliste for dei føresette frå** jazzdans 1, Jazzdans UNG og gutedans og hip-hop 3-5. trinn. Dei som har sitt barn på disse gruppene må sjekke lister og finne rett rom. Bli du hindra i å komme, ber vi deg sjølve finne ein erstattar. Vi er heilt avhengige av dykk for at dagen skal bli bra – takk for hjelpa!

### Laurdag 2. desember:

14.00 – 15.30 Hovudroller/HDK prøver på storescena

15.00-15.30 Foreldrevakter informasjonsmøte med Iris i veslefeten Ein føresett frå **kvar elev** på jazzdans 1. trinn, Jazzdans UNG, gutedans og hip-hop 3-4. Trinn. Sjå plan i vedlegg!

15.30-18.15 Generalprøve med **alle** på storescena. Felles oppvarming og applausnummer først. Vær klar i kostyme.

Møt i kostyme, med sminke/hår likt som på forestillingen.

### **Søndag 3. desember:**

Oppmøte i garderoben 60 min før forestilling på storescena i kostyme og sminke/hår klart.

**Forestilling kl. 14.30 og 17.30 *Barnedans er kun med på fyrste framsyning.***

**Kostymer og rom etter forestilling:** Kostymer som er lånt skal leggest pent att i rommet dei er satt opp på. Rommet skal være rydda før nokon går heim. Hugs kildesortering.

**Er det noko du har spørsmål om - spør oss no, i helga går det i 100!**

### **Hovudrollar fra Hallingdal Dansekompani kl. 14.30:**

*Aladdin: Elinor Flaget*

*Jasmin: Hanne Sataslåtten*

*Jafar: Maria Magdalena Janowska*

*Ginie: Aurora Skarpås*

*Sultan: Maja Svanaasen*

*Hoffet: Frida Runningshaugen-Wikstrand, Maja Antonina Janowska, Idun Oleivsgard*

### **2. forestilling 17.30**

*Aladdin: Tøri Medgard Skår*

*Jasmin: Guro Molde Lappegard*

*Jafar: Ida Hagen Aasvangen*

*Ginie: Oda Johnsrud Brattegard*

*Sultan: Maja Svanaasen*

*Hoffet: Frida Runningshaugen-Wikstrand, Maja Antonina Janowska, Idun Oleivsgard*

**Vi gler uss!**